



Arkivnr: 2018/709-3

Saksbehandlar: Bjørn Inge Midtgård

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		14.03.2018
Fylkesutvalet		11.04.2018

Uttale - nye bompengetakstar for Austevollsbrua

Samandrag

Statens vegvesen har i brev frå 15.01.2017 sendt på høyring forslag til nye bompengetakstar på ferjesambanda Hufthamar-Krokeide og Husavik-Sandvikvåg i Austevoll. Bompengane går til nedbetaling av Austevollsbrua og vert kravd inn som ein del av ferjebiljetten. Frå sommaren 2018 vert billetteringssystemet lagt om ved at det vert innført billettering gjennom AutoPASS. Då vert det slutt på passasjerbetaling. Det vert heller ikkje mogleg å betala bompengar for passasjerar som ein del av ferjebiljetten. Statens vegvesen foreslår at det vert slutt på å betala bompengar for passasjerar. Forslaget til takstendring har no vore på høyring i kommunane Austevoll og Fitjar. Austevoll kommune har berre uttalt seg om bompengar for elbil og Bergen kommune har per i dag ikkje gjeve uttale. Etter lokalpolitisk høyring skal Vegdirektoratet gjera takstvedtak før dei nye takstane kan takast i bruk.

Fylkesrådmannen ser på takstendringa for Austevollsbrua som ei naudsynt tilpassing som følgjer av at fylkesutvalet 29.1.2016, i sak PS 25/16 «Innføring av AutoPASS i ferjedrifta», har vedteke å innføra AutoPASS billettering på fylkesvegferjene i Hordaland. Det er ikkje kostnadssvarande og realistisk å etablere eit alternativt system for innkreving av bompengar på ferjene. Fylkesrådmannen stør derfor omlegginga til AutoPASS innkreving for Austevollsbrua.

Fylkesrådmannen ber fylkesutvalet om å slutta seg til forslaget om at bompengetakstane for finansieringa av Austevollsbrua samsvarar med 9 sonepåslag på alle køyretøygrupper, unnateke nullutsleppskøyretøy, når AutoPASS-regulativet vert teke i bruk. Nullutsleppskøyretøya har også stor nytte av Austevollsbrua. Fylkesrådmannen finn det derfor rimeleg at det også vert kravd inn bompengar for nullutsleppskøyretøya på ferjene i Austevoll. Fylkesrådmannen viser til vedtak i kommunane Austevoll og Fitjar og rår fylkesutvalet til å støtta forslaget om at nullutsleppskøyretøy skal ha bompengetakst på 50 % av takstane for køyretøygruppe AP1. Dette tilsvarar eit tillegg på 15 takstsoner i det nye AutoPASS regulativet for ferjetakstar.

Økonomi: Bompengetakstane har ingen innverknad på fylkeskommunen sin økonomi. Det er føreset at takstane er tilstrekkeleg høge til å betala ned bompengelånet.

Klima: Uvisst. Det kan bli bompengar for nullutsleppskøyretøy, noko som kan svekka incentiva for å bruka elbil. Samstundes vert det billegare for alle køyretøy å ha med passasjerar, noko som kan stimulera til auka samkøyring.

Folkehelse: Det kan bli fleire syklende når passasjerbetalinga og sykkelbetalinga fell vekk.

Regional planstrategi: Ingen direkte samanheng med regional planstrategi.

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet støttar forslaget om at bompengetakstane for finansieringa av Austevollsbrua samsvarar med 9 sonepåslag på alle køyretøygrupper, unnateke nullutsleppskøyretøy, når AutoPASS- regulativet vert teke i bruk.
2. Fylkesutvalet støttar forslaget om at nullutsleppskøyretøy skal ha bompengetakst på 50 % av takstane for køyretøygruppe AP1. Dette tilsvarar eit tillegg på 15 takstsoner i det nye AutoPASS regulativet for ferjetakstar.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Forslag til nye bompengetakstar på ferjesambanda Hufthamar-Krokeide og Husavik-Sandvikvåg - for nedbetaling av Austevollsbrua med vedlegg
- 2 Forslag takstar
- 3 Kommentar
- 4 Vedtak - Austevoll kommune

Fylkesrådmannen, 27.02.2018

Bakgrunn

Statens vegvesen har i brev frå 15.01.2017 sendt på høyring forslag til nye bompengetakstar på ferjesambanda Hufthamar-Krokeide og Husavik-Sandvikvåg i Austevoll. Bompengane går til nedbetaling av Austevollsbrua og vert kravd inn som ein del av ferjebilletten. Frå sommaren 2018 vert billetteringssystemet lagt om ved at det vert innført billettering gjennom AutoPASS. Då vert det slutt på passasjerbetaling. Det vert heller ikkje mogleg å betala bompengar for passasjerar som ein del av ferjebilletten. Statens vegvesen foreslår at det vert slutt på å betala bompengar for passasjerar. Forslaget til takstendring har no vore på høyring i kommunane Austevoll og Fitjar. Austevoll kommune har berre uttalt seg om bompengar for elbil og Bergen kommune har per i dag ikkje gjeve uttale. Etter lokalpolitisk høyring skal Vegdirektoratet gjera takstvedtak før dei nye takstane kan takast i bruk.

Dagens bompengeneinkreving

I St. prp. nr. 30 (2004-2005) Om utbygging og finansiering av Rv. 546 Austevollsbrua (sambandet Huftarøy-Hundvåkøy) i Hordaland er innkrevjingsperioden for å betala ned Austevollsbrua sett til totalt 16 år. Forskotsinnkrevjinga starta i juli 2005 og etterskotsinnkrevjinga starta i juli 2008. Etter planen skal innkrevjinga avsluttast i løpet av 2020. Bompengetakstar på ferjesamband vert rekna ut som sonepåslag i riksregulativ for ferjetakstar. I dag er sonepåslaget for bompengar 11 takstsoner for køyretøy og 5 for passasjerar på ferjesambanda Hufthamar-Krokeide og Husavik-Sandvikvåg.

Bompengetakstar per i dag:

Hufthamar - Krokeide		Husavik-Sandvikvåg	
Kjøretøygrupper	Bompengetakst (kr.)	Kjøretøygrupper	Bompengetakst (kr.)
< 6,0 m	75	< 6,0 m	76
6,01-7,00 m	176	6,01-7,00 m	178
7,01-8,0 m	208	7,01-8,0 m	209
8,01-10,0 m	246	8,01-10,0 m	246
10,01-12,00 m	264	10,01-12,00 m	264
12,01-14,0 m	283	12,01-14,0 m	283
14,01-17,0 m	302	14,01-17,0 m	302
17,01-19,0 m	331	17,01-19,0 m	330
19,01-22,0 m	340	19,01-22,0 m	349
MC	32	MC	32
Ei-bil	0	Ei-bil	0
Passasjer vaksen	13	Passasjer vaksen	13
Passasjer Barn	6	Passasjer Barn	6

Inntektene frå bompengavgifta for passasjerar er om lag 2,5 mill. kr i året på sambanda. Dersom bompengeselskapet skal ha tilsvarende bompengeneinkter som i dag, må dei reelle bompengetakstane for køyretøy aukast. Ein gjennomgang av økonomien til Austevoll bruselskap visar derimot at selskapet kan ha noko lågare bompengeneinkter, og likevel betena lån innanfor vedteken innkrevjingsperiode (sjå nedanfor). Difor foreslår Statens Vegvesen her eit sonepåslaget for køyretøy, ut frå kva inntekter Austevoll bruselskap treng for å avslutta innkrevjingstida innan juli 2020.

Forslag til nye takstar:

Hufthamar - Krokeide		Husavik-Sandvikvåg	
Kjøretøygrupper	Bompengetakst (kr.)	Kjøretøygrupper	Bompengetakst (kr.)
AP1 < 6 m	79	AP1 < 6 m	79
AP2 6,01-8 m	174	AP2 6,01-8 m	177
AP3 8,01-10	218	AP3 8,01-10	218
AP4 10,01-12,5	246	AP4 10,01-12,5	246

AP5 12,51-14,5	268	AP5 12,51-14,5	257
AP6 14,41 - 17,5	274	AP6 14,41 - 17,5	274
AP7 17,51-19,5	290	AP7 17,51-19,5	292
AP8 19,51-22	289	AP8 19,51-22	289
AP 9 >22 m	319	AP 9 >22 m	317
Motorsykkkel	22	Motorsykkkel	22
El-bil	22	El-bil (ved påslag på 9 soner)	22
Passasjer vaksen	0	Passasjer vaksen	0
Passasjer Barn	0	Passasjer Barn	0

Sjå vedlegg som syner ferjetakst med bompengar i eksisterande ordning og etter innføring av AutoPASS (merk at det i denne førebelse takst tabellen er lagt inn bompengetakst på elbil med 9 soner i påslag, ikkje 15 soner).

Status for økonomien i Austevoll Bruselskap

Per 31.12.2016 rapporterte selskapet å ha ei restgjeld på 110,5 mill. kr. Innskot var 7,8 mill. kr og aktivert innkrevjingsrett var 102,5 mill. kr. Selskapet hadde totalt 18,7 mill. kr i inntekt frå bompengeneinnkrevjinga på ferjesambanda i 2016. I tillegg vert det utbetalt om lag 10 mill. kr årleg frå fylkeskommunen til selskapet i statlege ferjetilskot. Ferjetilskot skal betalast ut i 15 år. Fyrste år ferjetilskotet vart betalt ut var i 2008 og siste år er 2022. Det er inngått rentebytteavtale med Nordea på om lag 116,8 mill. kr pr. 31.12.2016 der selskapet betalar ei fast rente 4,62 % og tek imot ei flytande rente på NIBOR 3 månader. I tillegg betalar selskapet ein beredskapsprovisjon til Nordea for unytta kredittramme på 0,06 % av NOK 195.000.000. Med ei rente på 4,62 % (på resterande gjeld ved årsskiftet) vil selskapet kunne betala ned lån i januar 2020 gitt at bompengeneinntektene er som i dag:

Nedbetaling, med 18,7 mill. kr i bompengeneinntekter:

(mill. 2017-kr)	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Restgjeld	107	82	57	29	20	10
bompengeneinntekter	18,7	18,7	18,7	1		
Ferjetilskot	10	10	10	10	10	10
Driftskostnader	0,3	0,3	0,3	0,3	0,1	0,1
Atttåande gjeld årsslutt	79	54	28	19	10	0


Tabellen under viser kva bompengeneinntekter selskapet kan ha for å avslutte innkrevjinga innan juli 2020.

Nedbetaling, med 16,5 mill. kr i årlege bompengeneinntekter

(mill. 2017-kr)	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Restgjeld	107	85	61	37	19	10
bompengeneinntekter	16,5	16,5	16,5	8,5		
Ferjetilskot	10	10	10	10	10	10
Driftskostnader	0,3	0,3	0,3	0,3	0,1	0,1
Atttåande gjeld årsslutt	81	59	35	19	9	0,0

Forslag om bompengeneinnkreving frå nullutsleppskøyretøy

Elbilandelen på ferjene i Austevoll er aukande. Andelen elbilar utgjør omlag 13% av dei lette køyretøya.



Ved handsaminga av nasjonalbudsjettet og forslag til statsbudsjett for 2017, jf. Innst. 2 S (2016 – 2017) gjorde Stortinget følgjande anmodningsvedtak (nr. 108, pkt. 2 c):

«Det etableres en nasjonal bindende regel om at nullutslippskjøretøy ikke skal betale mer enn maksimalt 50 pst. av taksten for konvensjonelle kjøretøy når det gjelder bompenger, ferje og parkering.»

Vegdirektoratet og Samferdselsdepartementet utgreier korleis dette stortingevedtaket skal implementerast. Det er føresett at avgjerdsla om at elbilar skal betala bompengar skal takast lokalt i kommunane. Statens vegvesen Region vest foreslår at det vert innført bompengar for elbilar på sambanda i Austevoll og at dette påslaget vert sett til 9 takstsoner i AutoPASS regulativet¹ alternativt til 50% dvs. 15 takstsoner. Det utgjør 22 kr. for påslaget ved 9 takstsoner. Vert bompengepåslaget sett til 15 soner, utgjør dette 36 kr.

Høyring i kommunane

Kommunestyret i Austevoll handsama 22.2.2018, sak 032/18, «Innføring av bompengetakstar for nullutslippskjøretøy», og gjorde følgjande vedtak:

«Austevoll kommunestyre ber om at nullutslippskjøretøy skal ha bompengetakst tilsvarande 50% av taksten for andre kjøretøy. Fordeler som avgiftsfritak, gratis lading og bruk av kollektivfelt er betre eigna verkemiddel for å motivere for nullutslippskjøretøy på nasjonalt nivå enn å legge ansvaret for eit lokalt bruprosjekt over på ei spesifikk brukargruppe. Her er det snakk om å få på plass ei solidarisk finansiering av eit lokalt samferdsleprosjekt som frå starten av vart løfta av lokalsamfunnet.»

Kommunestyret i Fitjar handsama 21.2.2018, sak PS 14/18, «Nye bompengetakstar på ferjesambanda Hufthamar-Krokeide og Husavik-Sandvikvåg» og gjorde slikt vedtak:

«1. Fitjar kommune tar til vitande at bompengetakstane for finansiering av Austevollsbrua samsvarer med 9 sonepåslag på alle køyretøygrupper når fylkeskommunen tek i bruk det nye AutoPASS-regulativet.

2. Fitjar kommune ber at nullutslippskjøretøy skal ha bompengetakst på 50 % av takstane for køyretøygruppe AP1. Dette tilsvarar eit tillegg på 15 takstsonar i det nye AutoPASS-regulativet for ferjetakstar.»

¹ AutoPASS ferjetakstar 2018

https://www.vegvesen.no/_attachment/2108394/binary/1226077?fast_title=AutoPASS-regulativ+for+ferjetakster+2018+%28pristabell+inkl.+mva%29.pdf

Bystyret i Bergen har per i dag ikkje gjeve uttale i saka. Bystyret gjev truleg uttale før handsaminga i fylkesutvalet.

Fylkesrådmannen sine merknader

Fylkesrådmannen har merka seg at Austevoll kommune per dags dato berre har gjeve uttale i høve til å innføra bompengetakstar for nullutsleppskøyretøy. Kommunen har ikkje gjeve tilslutnad til takstomlegginga som følger av innføringa av AutoPASS på ferjene. Formannskapet i Austevoll har i møte 13.2.2018 uttalt seg negativt til omlegginga til AutoPASS - mellom anna i høve til konsekvensane for jobbpendling.²

Fylkesrådmannen er gjort kjent med at Vegdirektoratet, for å gjera takstvedtak, ikkje er avhengig av at Austevoll kommune vedtek å be om at bompengetakstane for finansiering av Austevollsbrua samsvarer med 9 sonepåslag på alle køyretøygrupper når fylkeskommunen tek i bruk det nye AutoPASS-regulativet. Vegdirektoratet reknar endringane som ei mindre justering/tilpassing til innføringa av nytt AutoPASS-regulativ, og ikkje som vesentlege endringar av bompengetakstane. Det er berre krav om at kommunane skal være høyrte og ikkje at dei skal vera samde i ei slik sak. Statens vegvesen Region vest har informert kommunane Bergen, Austevoll og Fitjar om at kommunane har slutta seg til gjennomsnittstakstane som er lagt til grunn i stortingsproposisjonen for Austevollsbrua, og at det er tilstrekkeleg at fylkeskommunen fattar dette vedtaket, for at Vegdirektoratet kan gjera takstvedtak.

Fylkesrådmannen ser på takstendringa for Austevollsbrua som ei naudsynt tilpassing som følger av at fylkesutvalet 29.1.2016, i sak PS 25/16 «Innføring av AutoPASS i ferjedrifta», har vedteke å innføra AutoPASS billettering på fylkesvegferjene i Hordaland. Vegdirektoratet har nyleg inngått avtale med BT Signaal AS, som skal vera «sentral tenesteleverandør» for AutoPASS ferje. Skyss arbeider no med å få AutoPASS implementert på ferjene i Austevoll. Fylkesrådmannen meiner at det ikkje er kostnadssvarande og realistisk å etablere eit alternativt system for innkreving av bompengar på ferjene. Fylkesrådmannen stør derfor omlegginga til AutoPASS innkreving for Austevollsbrua.

Fylkesrådmannen ber fylkesutvalet om å slutta seg til forslaget om at bompengetakstane for finansiering av Austevollsbrua samsvarer med 9 sonepåslag på alle køyretøygrupper, unntatte nullutsleppskøyretøy, når AutoPASS-regulativet vert teke i bruk.

Nullutsleppskøyretøya har også stor nytte av Austevollsbrua. Fylkesrådmannen finn det derfor rimeleg at det også vert kravd inn bompengar for nullutsleppskøyretøya på ferjene i Austevoll. Fylkesrådmannen viser her til vedtak i kommunane Austevoll og Fitjar, og rår fylkesutvalet til å støtta forslaget om at nullutsleppskøyretøy skal ha bompengetakst på 50 % av takstane for køyretøygruppe AP1 (bil under 6 meter). Dette tilsvarar eit tillegg på 15 takstsoner i det nye AutoPASS regulativet for ferjetakstar.

² Sjå: http://innsyn.e-kommune.no/innsyn_austevoll/wfdocument.aspx?journalpostid=2018001681&dokid=227843&versjon=4&variant=P&